



BJØRNA FJØRDEN

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023



Arbeidarpartiet



Senterpartiet

miljøpartiet
dei grøne



Budsjett 2020 og økonomiplan 2020–2023

Bjørnafjorden kommune

Kommunestyret vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2020 –2023 i 19 punkt med følgande endringar:

I kommunestyreperioden 2019-2023 skal vi byggja og drifta Bjørnafjorden kommune. I denne prosessen er det viktig med god styring som sikrar demokratiet og stabil økonomi. Samarbeidspartia vil skapa ein ny kommune som er rusta til å møta utfordringane i tenestetilbodet til innbyggjarane og næringslivet.

Det vert avgjerande med klok økonomistyring for å betra det økonomiske handlingsrommet – slik at vi kan prioritera riktig og oppnå måla våre om å levera gode og rette tenester til innbyggjarane.

Kommunedirektøren har lagt fram eit godt, gjennomarbeida og ansvarleg budsjett for 2020,- som på mange områder står opp om vår felles politikk. Vi har i stor grad vald å bruka kommunedirektøren sitt budsjettframlegg både til investering og driftsramme i vårt budsjett, med nokre justeringar og endringar. Samarbeidspartia står opp under kommunedirektøren sitt viktige og naudsynete arbeid med Bjørnafjorden 22. Vi ønskjer rapportering på prosjektet på same vis som for kommunereforma med fast punkt på sakslista til formannskap- og kommunestyremøta.

Noko av det viktigaste vi kan gjera for å styrka kommuneøkonomien er å gjera Bjørnafjorden meir attraktiv – både for menneske og verksemder. Vi kjem til å føra ein aktiv og tydeleg næringspolitikk for å skapa fleire arbeidsplassar i heile kommunen. For å oppnå dette må ein setja fokus og ressursar på planarbeid og samfunnsutvikling i heile kommunen. Bjørnafjorden skal vera ein inkluderande, grøn og endringsvillig kommune der det skal vera trygt og godt å bu for alle.

Samarbeidspartia skal føra ein langsiktig og ansvarleg økonomisk politikk. Vi skal ta styring og gjera klare prioriteringar. Vi er uroa for den økonomiske situasjonen vi som ny kommune går inn i. Lånegjelda er høg og inntektene frå staten går ned. Vi har i budsjettframlegget søkt å bruka pengane klokt.

Vi ønsker å redusera bruken av eksterne konsulenter og bemanningsbyrå til fordel for tenester i eigen regi. Det kjem eit pilotprosjekt med ein communal bemanningsentral med faste vikarar, først innan helse og omsorg. Vi skal jobba for å redusera sjukefråveret gjennom målretta tiltak og auka merksemd på arbeidsoppgåver og belasting. Samarbeid med og tillit til dei tilsette og deira organisasjoner er avgjerande for å nå dette målet. Auka digitalisering og kloke endringar i arbeidsprosessar blir viktige tiltak for å få gjennomført ein ansvarleg økonomisk politikk.

Auka skattegrunnlag blir også avgjerande for å auka det økonomiske handlingsrommet i den nye kommunen. På same vis vil auka merksemd og kunnskap om innkjøp og kontraktsoppfølging gje gevinst når vi no blir ein kommune. Vi skal jobba målretta for å stimulera til næringsutvikling og etablering av arbeidsplassar. Vi kjem til å ta aktive grep i samarbeid med NAV og næringslivet slik at fleire bjørnafjordingar kjem seg ut i jobb, spesielt unge mellom 18-30 år.

Investering

Investeringsprosjekt	2020	2021	2022	2023	2020-23
Baldersheim helsetun - oppgradering	1 000	1 000	1 000	0	3 000
Borgafjellet barneskule	110 000	158 000	20 000	0	288 000
Brannstasjon Eikelandsosen	20 000	5 000	0	0	25 000
Gravplass Nore Neset	13 000	15 000	0	0	28 000
Hammarlandsvegen	4 000	0	0	0	4 000
IKT infrastruktur	500	500	500	500	2 000
Jettegryto barnehage	10 000	14 000	1 000	0	25 000
Kjøp av tomter og bygg	0	0	20 000	10 000	30 000
Kommunal infrastruktur	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Liv på Øyre 2	0	0	0	0	0
Liv i Bjørnafjorden	6 000	6 000	6 000	6 000	24 000
Lunde barneskule - opprusting gammal del	0	10 000	10 000	0	20 000
Lysekloster barnehage	2 000	0	0	0	2 000
Lyseparken næringspark	2 000	0	0	0	2 000
Miljøgate Eikelandsosen sentrum	0	0	0	0	0
Ny veg Åsen	0	50 000	39 500	0	89 500
Ombygging gamle sjukeheimen	40 000	33 000	30 000	0	103 000
Ombygging kommunale bygg	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Ikkje gjennomførte prosjekt Fusa	5 000				5 000
Oppgradering kyrkjegardar	500	250	150	0	900
Os-Aktiv (Os ungdomsskule)	62 000	0	0	0	62 000
Investering idrettsanlegg	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Parkeringsanlegg	25 000	44 000	0	0	69 000
Parkeringsanlegg i fjell	0	0	0	0	0
Politistasjon Moberg	30 000	41 000	0	0	71 000
Prosjektering utbyggingsområder	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
Rullande materiell	2 500	2 500	5 000	2 500	12 500
Samfunnshus Eikelandsosen	0	0	0	0	0
Samnøy næringsområde	2 000	4 000	10 000	0	16 000
Stallabrotvegen - utviding	4 000	0	0	0	4 000
Uteområder kommunale bygg	3 000	1 500	1 500	1 500	7 500
Maskinpark gravar Fusa sokn	2 000	0	0	0	2 000
Gravplass Hålandsdalen	0	1 500	1 500	0	3 000
Trafikksikring	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Utvikling Tøllaneset	0	0	0	0	0
Sum Investeringsprosjekt	362 500	405 250	164 150	38 500	970 400

Baldersheim helsetun - oppgradering

For å sikra viktig framdrift i prosjektet er midlane framskunda til 2020.

Liv i Bjørnafjorden

Dei to prosjekta Liv på Øyro og Miljøgate Eikelandsosen blir fjerna frå budsjettet, men erstatta av eit nytt prosjekt med nytt mandat og ny politisk samansetjing. Det nye prosjektet får namn Liv i Bjørnafjorden. Det har vore svært viktig å ha tett politisk oppfølging av korleis vi skal få best mogleg utvikling i regionssenteret, og det vil det vera vidare. Budsjettet har framskunda investeringsmidlar til 2020 for å få kontinuitet i viktig arbeid som er underveis, og det er sett av meir midlar til prosjektering og samfunnsplanlegging. Det skal bli endå betre å drive næring i kommunen. Det skal vera interessant å tilbringa tid i sentrumsområda uansett kva ærend ein har, og det skal framleis vera eit mål å få fleire barn og barnefamiliar til sentrum. Dersom kommunen går inn for å delta i byvekstavtalen til Bergen og omeignskommunane er det særskilt viktig å sjå dette i samanheng.

Samtidig som vidare utvikling av regionssenteret er viktig må vi hugse på at vi har andre senter som er viktige for kvardagslivet i kommunen. Alle bygdesentra må få merksemd og utvikling for å vidare sikra gode kvaliteter. Det nye prosjektet skal ha eit adhocutval med tydeleg mandat om å legga til rette for gode liv og utvikling i alle krinsar. Her kan ein til dømes sjå føre seg betre samarbeid med samarbeidsutval (SU), bygdeutval og idrettslag eller andre frivillige organisasjonar ute i krinsane. Det er samtidig viktig å ha god dialog med næringsaktørar, grunneigarar og utbyggjarar, og kommunen skal sikra spleiseland der det er relevant.

Jettegryto barnehage

Jettegryto barnehage var i 1994 bygget som 3 avdelingsbarnehage med plass til 54 barn. Barnehagen er dag lite hensiktsmessig for moderne barnehagedrift og er svært slitt.

Planlagt ombygging/påbygging skal gje plass til 2 småbarnsavdelinger a 12 barn og 2 avdelinger for store barn a 24 barn. Totalt skal barnehagen ha plass til 72 barn(ikkje plasser).

Ombygginga er så omfattende at kommunen bør vurdera om nybygg er betre både planmessig og økonomisk.

Prosjektering utbyggingsområder

Det er viktig å ha kontinuitet i samfunnsutvikling, spesielt det som går på regulering og planlegging, sjølv om budsjettituasjonen er utfordrande. Kompetanse på samfunnsutvikling er viktig i den nye kommunen som har ambisiøse planer i mange retningar, så difor blir denne posten styrka. Dette arbeidet er viktig å sjå i samanheng med næringsutvikling, prosjekt Liv i Bjørnafjorden og andre prosjekt.

Parkeringsanlegg

Det vart i Os kommunestyre vedteke at parkering i fjell skulle bli regulert, men det har ikkje blitt gjennomført. Prosjektet får høg prioritet for å sikra framtidig parkering og sentrumsutvikling. Det må sjåast i samanheng med heile sentrumsutviklinga slik at ein ikkje berre ser på kundar til sentrum, men får knytt saman ein framtidig kollektivterminal med pendlarparkering, tilknytting til hamna og miljøvenleg hurtigbåtar i Bjørnafjordbassenget, og nytte for hotelltomta og Oseana.

Digitalisering og oppgradering av IKT infrastruktur

Det er viktig at alle tenesteområdene arbeider med digitalisering i sine eigne budsjetttramme og utviklingsprosessar, dette er ikkje noko ein sentral IKT-teneste kan løyse åleine. Samtidig er det viktig at IKT har ressursar til å stø desse prosessane. Frå politisk nivå er det viktig at ein følger opp tilrådingar frå fellesnemnda om at kommunedirektøren finn gode måtar å rapportere jamleg på digital framdrift og gevinst i alle sektorar. Vi har forventning om betre kvalitet på tenestene, lettare tilgjengelege tenestar, meiopen kommune og økonomisk vinst på driftsrekneskapen.

Rullande materiell

Mange kommunar rapporterer store innsparingar ved å nytta elektriske køyretøy. Bjørnafjorden kommunen skal velja elektriske køyretøy dersom det er praktisk mogleg for å løyse dei relevante oppgåvane.

Ikkje gjennomførte prosjekt Fusa

Det blir sett av pengar til å sikra gjennomføring av vedtekne, men forseinka prosjekt frå Fusa kommune.

Lyseparken

I desse dagar blir ny områdeplan for Lyseparken ferdigstilt, og vi går viktige år i møte i denne økonomiplanperioden. Det er svært viktig å følge vedteken strategi og sikra framdrift. Her ligg grunnlaget for å skapa mange grøne, framtidsretta arbeidsplassar for kommunen i framtida.

Drift

Stilling miljøterapeut	600
Mat og ernæring	200
bua/liknande	100
Makerspace	50
Auka ramme oppvekst	2 500
Ekstra lærlingar	1 000
Bonusløn VTA	250
Lysløype Osmarka	500
Kyrkja, stilling gravar Fusa sokn	170
Bjørnafjorden matkultur	50
Næringsrådet	300
Styrking KUP	200
Visit Bjørnafjorden	250
Redusert barnefattigdom	1 000
Styrka stab plan	1 500
Midlar til artskartlegging	25
Redusert konsulentbruk plan	-1 100
Auka skatteanslag	-6 420
Nedtrekk formannskapets disp.fond	-1 000
Nullvekst overføring Oseana	-175
SUM	0

Fellesområde

Formannskapets disposisjonsfond

Det er viktig at formannskapet framleis har høve til å gjera tiltak utanom den årlege budsjettprosessens. Formannskapa har disponert store midlar som har blitt tildelt til dømes festivalar og kunstgrasbanar, men som bør sjåast i samanheng med kommunebudsjettet og ny kommunedelplan for kultur og ny kommunedelplan for idrett.

Det politiske fleirtalet legg ansvar for idrett, kunst og kultur til tenesteutvalet. Det betyr at det utvalet får ansvar for utvikling av dei relevante kommunedelplanene, og tildelingsansvar for slike tilskot som er endeleg vedtekne i budsjettet, til dømes KUP-ordninga.

Politisk kultur og samarbeid

Den nye kommunen må bygge ein konstruktiv politisk kultur. Det skal sikrast gjennom folkevaldopplæring og arbeid i kvart politiske utval. Prosjektet med namn “Betre Saman” utgår, men midlane består til å sikra godt og rett samarbeid mellom administrativ og folkevald nivå.

Kyrkja

Ansvarleg for vedlikehold og graving på gravplassene i Fusa avslutter sitt kontraktsforhold til nyttår. Fusa sokn ønsker å tilsetje ein person til dette arbeidet, og midlar blir sett av i budsjettet. Fusa Sokn blir tilført midler til investering av maskiner og utstyr.

Stab

Næring

Vi har mange gode arbeidsplassar. Vidare arbeid med næringsutvikling er svært viktig i tida framover.

Gründerparken har allereie gjeve gode resultat i utvikling av ny næring, og det miljøet skal vi satsa vidare på. I tillegg skal næringsavdelinga sjå på om ein kan tilby kontorfellesskap til pendlarar som kan ta ein dag eller to i heimkommunen. I tillegg blir det sett av pengar for å sjå om det er mogleg å etablera Makerspace (“moderne sløyd” med laserkuttar, 3D-print og liknande) i kommunen. Dette kan potensielt gje stor meirverdi for både gründerar, for ungdom i skulen, ungdom som har falt utanfor, for kulturskulen og andre.

Samtidig som ein satsar på ny næring er det viktig å ikkje gløyme alle dei gode næringsaktørane som allereie driv godt i kommunen. Næringsavdelinga skal fortsetje sitt gode arbeid og sjå korleis næringsutvikling i regionen kan gjerast i samarbeid med andre kommunar. Stønad til næringsrådet sitt arbeid blir vidareført i perioden.

Regional næringsutvikling gjev viktige samarbeid, og Visit Bjørnafjorden er eit av prosjekta med godt potensiale som bør vidareførast utan opphold. Vi vil støtte Bjørnafjorden matkultur, det er eit godt prosjektet med høg samfunnsmessig verdi

Oppvekst

For 2020 aukar vi rammene til oppvekst med 2,5 millionar. Vi ønskjer å oppfylla lærarnorma, men ser at det blir utfordrande i 2020. Det auka rammetilskotet kan nyttast til fleira lærarar, til psykisk helse eller til styrking av meistringsteamet.

Eit godt fysisk skolemiljø er viktig for å gje elevane våre ein god skuledag. Vi vil halda fram med oppgradering av uteområder, slik at dei blir gode arenaer for læring, for fysisk aktivitet og leik, både i skule- og sfo-dagen, og for lokalmiljøet på kveldstid og i helger.

Det har vore prøveprosjekt med skulefrukost på ungdomsskulen i Fusa. Denne ordninga skal evaluerast og tenesteutvalet får i oppgåve å sjå på om det er mogleg å vidareutvikla dette i kommunen.

Når regjeringa er klar med ordning om fritidskort skal det løftast ei sak politisk for å sjå om Bjørnafjorden kommune kan søka raskt.

Helse og velferd

Store delar av dette området fell inn under SIO-prosjektet, og dei tilhøyrande økonomiske disponeringane for dette er derfor ikkje med i budsjettet. Samarbeidspartia vil likevel påpeika viktigheita av at helsepersonell i stortrøst mogeleg grad får jobba med faget sitt, og at dei blir avlasta for arbeidsoppgåver som kan løysast av andre yrkesgrupper.

Mat og ernæring

For å fremja god helse og livskvalitet for eldre må vi satsa på god og rett ernæring. På omsorgsentra må organisering og bemanning rundt måltid og aktivitetar betrast, gjerne ved å nytta fleire faggrupper på sjukeheimane våre. Vi må også kunna nytta kvalifisering og arbeidstrening i samråd med NAV og flyktningetenesta og dei vidaregåande skulane. Samarbeidspartia vil snarast råd få starta eit tverrfagleg arbeid med utgreiing av kjøken på Luranetunet slik at ein kan søkja statleg delfinansiering. Ein må også sjå kva behov ein totalt har, og vil kunna få i Bjørnafjorden kommune, med levering av mat til heimebuande. Denne gruppa av tenestemottakare vil berre auka i åra som kjem, og vi som kommune må vera framtidstrygga og planleggja for mange nye brukargrupper. Utvalet skal ha sitt utspring frå Tenesteutvalet.

Legevakt og fastlegeordninga

Samarbeidspartia ser det som positivt at det vert inngått avtale om fastlønsordning ved legevaka. Det skal vera legevakt i Os og i Eikelandsosen. Nasjonalt er rekruttering av fastlegar ei stadig aukande utfordring. For å motverke dette ser samarbeidspartia det som ønskjeleg at fleire fastlegar blir tilsett i kommunen.

Barneverntenesta

Barnevernet har rapportert om behov for tilgang på miljøterapeutisk bistand inn i heimen knytt opp mot å avverge hasteflyttingar i dei sakene som omhandlar vald mot barn. Vi set av 600.000 kroner til stilling som miljøterapeut i barnevernet.

Barnefattigdom

For samarbeidspartia er kampen mot barnefattigdom ei prioritert oppgåve. Talet på barn som veks opp i fattigdom har auka dei seinare åra, også i vår kommune. Samarbeidspartia meiner at barnetrygd ikkje skal føra til avkorting av sosialstønad.

Samarbeidspartia meiner det er usolidarisk at satsane for sosialstønad i Bjørnafjorden ligg eitt år bak satsane som Staten tilrår. Vi vil derfor heva satsane for sosialstønad opp til statleg norm. Totalt set vi av 1.000.000 kroner for å auka satsane og for å halda barnetrygd utanom berekning av sosialstønad.

Sosial bustadpolitikk

Bustad er eit grunnleggjande velferdsgode, og målet er at alle skal kunna bu trygt og godt i Bjørnafjorden kommune. Samarbeidspartia ber kommunedirektøren utarbeida ein bustadsosial handlingsplan. Planen bør ta for seg framtidig behov for forskjellige typer kommunale bustadar utvikla i samråd med Husbanken sine ordningar. Vi ber også om at det blir utgreidd eit konsept for «leige til eige» for å hjelpe ungdom og andre inn på bustadmarknaden. Det er viktig at kommunen har eit differansiert butilbod som møter den enkelte person og familie sine behov, uavhengig av årsak. Samarbeidspartia ser det som naturleg at Tenesteutvalet skal følgja opp den bustadsosiale handlingsplanen.

Den sosiale bustadpolitikken er òg ein viktig del av kampen mot barnefattigdom og å sikra ein trygg og god oppvekst for alle. Vi ber derfor om at ein plan for innvendig vedlikehald og oppgradering av kommunale utleigebustadar blir innarbeidd i planen for vedlikehald av den kommunale bygningsmassen.

Utlånssentral

Samarbeidspartia set av 100.000 kroner for etablering av utlånssentral for sport og fritidsutstyr i Bjørnafjorden kommune. Ein slik sentral vil på sikt kunna utvidast med verktøy, musikkinstrument og liknande. Dette er eit viktig tiltak for betre folkehelse, meir gjenbruk og like moglegeheter for alle.

Varig tilrettelagde arbeidsplassar

ASVO Fusa og Os ASVO tilbyr varig tilrettelagt arbeid (VTA) til personar som ikkje får innpass i det ordinære arbeidslivet. Os kommune har ikkje finansiert bonusløn til dei 5 kommunale VTA-plassane og vi set derfor av 250.000 kroner for å rette opp i denne skeivdelinga.

For samarbeidspartia er det viktig at Bjørnafjorden kommune skal ta samfunnsansvar og tilby tilrettelagte arbeidsplassar til fleire.

Samfunnsutvikling

Samarbeidspartia ønskjer at Bjørnafjorden kommune skal vera ein føregangskommune i god kommunal planlegging. Dette skal munne ut i gjennomførte og gode utviklingsprosjekter i heile kommunen. Med dette meiner samarbeidspartia at Bjørnafjorden kommune vert ein attraktiv kommune for næringsdrivande og innbyggjarane gjennom tilrettelagte nærings- og bustadareal, tilstrekkeleg infrastruktur, effektiv og trygg forvaltning.

Ein god planstrategi skal vera eit verktøy og hjelphemiddel til å vurdera kva planoppgåver kommunen må prioritera. Vi ser det er eit stort behov for å slutføre fleire planer som ikkje er ferdigstilt i førre valperiode. Dette er krevjande, og krev kontinuitet i kunnskap og kompetanse på området. Samtidig

er det trøng for å starta opp nye planer i Bjørnafjorden kommune. Manglande resursar i planarbeid, ser vi har vert krevjande.

Av denne grunn set vi inn auka resursar på planavdelinga i Bjørnafjorden kommune. Vi meiner vi nyttar dei økonomiske midlande betre ved å tilsette 2 faste stillingar i kommunen, enn overdriven og kostbar bruk av konsulentar i planarbeidet. Vi justerer derfor ned bestillingar og bruken av konsulent og konsulenttjenester.

Det politiske fleirtalet ber kommunedirektøren om ei utgreiing av miljøvenleg hurtigbåtruter mellom bygdene i Bjørnafjorden. Ein må inkludera vurderingar om samarbeid med fylkeskommunen, nabokommunane og rutelag som driftar eksisterande ruter, samt god korrespondanse med anna kollektivtransport.

Trafikksikker kommune

Vi har satt av 3 millionar kronar kvart år i investeringsbudsjettet for Bjørnafjorden kommune på målretta trafikksikringstiltak for perioden 2020 til 2024. Samarbeidspartia vil auka merksemda på systematisk trafikksikring. Snuplass Søre Fusa oppvekstsenter blir prioritert.

Førebyggjande arbeid i kommunen, saman med andre aktørar, meiner vi vil gje kommunen eit tryggare lokalsamfunn, eit godt omdøme, færre skadar og nøgde innbyggjarar.

Bjørnafjorden kommune skal i 2020 arbeida for å bli ein godkjent Trafikksikker kommune.

Folkehelsetiltak lysløype/turveg

I Os kommune vart det i 2019 sett av pengar til Lysløype mellom Lynghjem og Solstrand. Denne må ferdigstillast og det blir sett at midlar til lysløype-prosjekt i Osmarka (Nordmarka - Tøsdal). Slike folkehelsetiltak vil vera ei prioritert oppgåve i åra framover.

Avgift/gebyr

Tilknytingsgebyr

Vatn, tilknyting næringsbygg inkl. landbruk pr. m² blir endra til kr 50,-
Avlaup, tilknyting næringsbygg inkl. landbruk pr. m² blir endra til kr 90,-

Desse to endringane blir utført for å sikra at ikkje nye store næringsbygg får urimeleg tilknyttingskostnad.

Stipulert forbruksgebyr

For å stimulera til auka bruk av vassmålar blir faktor for stipulert forbruk fastsett til 1,3 pr. m². Det betyr at målt forbruksgebyr for vatn blir justert noko ned og stipulert forbruksgebyr blir justert noko opp.

Vigsel

Vigsel for dei som ikkje har folkeregisteradresse i Bjørnafjorden blir kr. 1500,- også når det gjeld vigsel innanfor normal kontortid.

Oseana

I budsjettet til Oseana ligg det inne 3% vekst i kommunale overføringer. I eit spesielt ufordrande år som 2020 er det dverre ikkje rom til dette. Difor vert kommunale overføringer til Oseana redusert med 175.000. Oseana må finna meir inntekter via kommersiell aktivitet eller sponsorar.

Fjellheim

Kommunestyret trekk Fjellheim frå marknaden. Oseana får i 2020 i oppgåve å gå vidare med sin mogleganalyse og arbeida for å få realisert investeringsmidlar til å nytta Fjellheim som kulturarena i framtida. Det er i studien vist til mange gode måtar ein kan utvida tilbodet, og det kan vera mogleg å finna finansiering til endå fleire aktiviteter til dømes makerspace eller eit betre kommunalt vigselstilbod. Det er også dokumentert at Oseana i eiga regi treng ei ekstra scene (blackbox).

Os idrettspark

Ved eit eventuelt skifte av tak på Os idrettspark skal det investerast i solenergianlegg. Det er eit kommunalt bygg, og ein skal alltid vurdera å nytta nye, fornybare energiformer ved kommunale bygg (jamfør KLEM-plan).